

Emneevaluering MUTP311: Musikkterapiteori

Innleiing

Emnet vart i hovudsak undervist av ein fagtilsett, noko som gav god kontinuitet og høve til å arbeide prosessorientert med studentane si faglege utvikling. Tidlegare år har ein i større grad hatt inn ei rekkje meir spesialiserte førelesingar med mange ulike faglærarar. Vidare arbeid med emnet bør vurdere nærare fordelar og ulemper med dei to måtane å organisere emnet på, eventuelt om ein eller annan mellomvariant hadde vore tenleg. Kva som fungerer best, er sjølvstøtt og knytt til behova i kvart enkelt kull, pensumval og lærarsituasjonen ved studiet.

Faglærars vurdering av undervisnings- og vurderingsformer

Undervisningsformer varierte mellom førelesingar, studentframlegg, diskusjonar og tekstarbeid. I og med at det i hovudsak var ein faglærar som følgde kullet gjennom heile kurset, fekk undervisninga difor preg av ein dialogorientert prosess, der det også var rom for å trekkje inn studentane sitt arbeid med semesteroppgåva. Slik vart det mogeleg å arbeide med fokus på studentane si teoretisk utvikling gjennom semesteret. Det aktuelle kull var lite (berre 5 studentar), men etter faglærars vurdering er det mange kvalitetar i denne arbeidsmåten som det kan vere grunnar til å prøve å ta i vare ved normale kullstorleikar på 12 studentar.

Eksamen i emnet er ei semesteroppgåve, der det er gitt føringar om at denne skal vere i form av ein litteraturgjennomgang. Det viste seg å vere utfordrande for studentane å knyte trådar mellom generell musikkterapiteori og ein spesialisert litteraturgjennomgang.

Pensum

Hovudboka i pensum var (utvalde kapittel) av Bruscias (red.) (2012). *Readings in Music Therapy Theory*. Boka finst berre som ebok, men det fungerte greitt teknisk og som pensumbok fungerte også *Readings* rimelig godt, då ho inneheld eit breitt spekter av relevante originaltekstar. Som hovudbok har denne teksten også nokre manglar: det er avgrensa med metateoretiske drøftingar og samanliknande perspektiv og også avgrensa med drøftingar av forholdet mellom teori, forskning og praksis. Bruken av boka vart difor supplert med ei arbeidshefte og ei rikhaldig liste av tilleggs litteratur.

Studentstatistikk

5 studentar oppmelde til kurset. Alle fullførte.

Karakterfordeling

A 1
B 1
C 2
D 1

Rammevilkår / Lokale og undervisningsutstyr

Kurset var lagt til rom 206 på Nygård skole, og dette fungerte godt til formålet.

Studentevalueringar

Munnleg evaluering i gruppe vart gjennomført. Studentane gav tilbakemelding om at den dialogorienterte forma som undervisninga har hatt har fungert godt for dei. Likeeins har dei sett pris på koplinga mellom undervisning og arbeidet med semesteroppgåve. Studentane etterlyser endå fleire småoppgåver med tilbakemelding/vurdering og stiller også spørsmål ved om ikkje emnet kunne vore betre førebudd gjennom dei første tre studieår, t.d. i forhold til erfaring med å skrive oppgåver, erfaring med systematisk litteratursøk, osb. Faglærar vurderer dette som særskilte relevante kommentarar som det er grunnar til å sjå nærare på og arbeide med.

Faglærars samla vurderingar, med eventuelle forslag til endringar

Emnet har ein viktig integrerande og perspektiverande funksjon i studiet. Det er behov for å sjå nærare på korleis forståinga av og arbeid med teoretiske og metateoretiske tema vert tatt i vare i ulike emne dei tre første studieår, som førebuing til MUTP311. Døme på emne som det kan vere viktig å ha ein dialog med rundt dette er: MUTP101 / Innføring i musikkterapi og MUTP204 / Musikkterapi fordjuping, men også a) førstesemesteremna og psykologiemna i studiet, og b) emne som MUF101 / Musikk, kultur og samfunn, MUTP201 / Musikkterapi i pedagogiske kontekstar og MUTP202 / Samfunnsmusikkterapi.